

Forskrift om slamhandsaming og tømning av slamanlegg i Åseral kommune

Heimel: Fastsett av Åseral kommunestyre med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 26, 30 og 34.

Kapittel 1. Generelle føresegner

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å sikre ei miljømessig, helsemessig og samfunnsøkonomisk forsvarleg innsamling, transport og handsaming av slam i Åseral kommune.

Forskrifta regulerer korleis Hægebostad og Åseral Renovasjonsselskap IKS (HÅR IKS) på vegne av Åseral kommune skal oppfylle krava til handtering av slam etter forureiningslova og tilhøyrande forskrifter. Forskrifta regulerer abonnentane sine plikter og kommunen si rolle som lokal forureiningsstyresmakt.

§ 2 Sentrale reglar og lowerk

Forureiningslova og forureiningsforskrifta gjeld for slamtømmeordninga.

Kommunen skal sjå til at tømning av mindre avløpsanlegg vert utført og at slammet vert handtert på ein forsvarleg måte.

§ 3 Verkeområde

Forskrifta gjeld eigedomar i Åseral kommune med slamanlegg som er omfatta av kommunen sin slamtømmeplikt etter forureiningslova § 26.

Alle eigedomar med slike anlegg skal vere med i den kommunale slamtømmeordninga og betale gebyr etter gjeldande gebyrregulativ.

Kommunen kan fastsetje nærare retningsliner for gjennomføring av forskrifta.

§ 4 Definisjonar

Abonnent: Eigar eller festar av eigedom med slamanlegg.

Bueining: Sjølvstendig bustad eller fritidsbustad med sanitære installasjonar.

HÅR IKS: Hægebostad og Åseral Renovasjonsselskap IKS, eit interkommunalt renovasjonsselskap eigd av Hægebostad og Åseral kommune

Sanitært avløpsvatn: Avløpsvatn frå toalett, bad, kjøken, vaskerom og liknande.

Slam: Faststoff som vert skilt ut frå sanitært avløpsvatn.

Rejektvatn: Væskefraksjonen som vert att etter separering av slam.

Slamanlegg: Slamavskiljar, tett tank, minireinseanlegg eller anna mindre avløpsanlegg som er omfatta av kommunen sin slamtømmeordning.

Kapittel 2. Innsamling og tømming av slam

§ 5 Pliktig deltaking i slamtømmeordninga

Kommunen skal sørge for tømming av slamanlegg som er omfatta av denne forskrifta.

Ingen kan utføre tømming av slike anlegg utan skriftleg løyve eller samtykke frå kommunen.

Alle som får slikt løyve pliktar å rapportere opplysningar om anlegg, tømming og disponering av slam til kommunen.

§ 6 Tømmefrekvens

Tømming vert gjennomført etter tømmeplan fastsett av HÅR IKS.

Følgjande ordinære tømmefrekvens gjeld:

- a. Slamavskiljar ved heilårsbustad skal tømmast minst kvart andre år.
- b. Slamavskiljar ved fritidsbustad skal tømmast minst kvart fjerde år.
- c. Tette tankar skal tømmast minst éin gong kvart år og elles ved behov.
- d. Minireinseanlegg skal tømmast minst éin gong kvart år, eller oftare dersom produsentkrav, serviceavtale eller utsleppsløyve tilseier det.
- e. Fellesanlegg skal tømmast etter eiga vurdering frå kommunen eller HÅR IKS.

Kommunen kan fastsetje avvikande tømmefrekvens dersom omsyn til drift, forureining eller belastning tilseier dette.

For fritidsbustader, hyttefelt eller område med særleg sesongbelastning kan kommunen fastsetje eigne tømmeordningar.

§ 7 Bestilt ekstratømming

Ekstratømming kan bestillast utanom ordinær tømmeplan.

Akutt-tømming og ekstratømming vert utført mot særskilt gebyr etter gjeldande regulativ.

§ 8 Pålagt ekstratømming

Dersom anlegget må tømme utanom ordinær tømmeplan på grunn av manglande oppfølging frå abonnenten, fare for forureining eller anna forhold som gjer tømming naudsynt, kan kommunen eller HÅR IKS syte for tømming. Kostnadane kan krevjast dekkja av abonnenten etter gjeldande gebyrregulativ.

§ 9 Matavfallskvern

Det er ikkje tillate å installere eller nytte matavfallskvern kopla til avløpsanlegg utan særskilt løyve frå kommunen.

§ 10 Fritak og unntak

Kommunen kan etter skriftleg og grunngjeven søknad gje tidsavgrensa fritak frå slamtømmeordninga eller slamtømmegebyret når det kan dokumenterast at slamanlegget ikkje er i bruk. Fritak kan mellom anna vurderast for:

- a. Bustad som står ubebodd over lengre tid, og der sanitært avløp er dokumentert ikkje i bruk
- b. Bygning som er kondemnert eller ubueleg
- c. Bygning som er fysisk fråkopla vassforsyning og avløp
- d. Andre særlege tilfelle etter konkret vurdering

Fritak vert normalt gitt for eitt år om gongen.

Abonnenten pliktar å melde frå straks dersom grunnlaget for fritaket fell bort. Fritaket kan då opphevast frå tidspunktet då vilkåra ikkje lenger er oppfylt.

Kapittel 3. Plikter og ansvar

§ 11 Kommunen sine plikter

Åseral kommune er lokal forureiningsstyresmakt og skal syte for at slamtømmeordninga fungerer i samsvar med gjeldande lovverk.

Den praktiske gjennomføringa av ordninga er delegert til HÅR IKS, som kan utføre oppgåvene i eigen regi eller ved bruk av innleigd entreprenør

Kommunedirektøren handsamar søknader, dispensasjonar og einskildvedtak etter denne forskrifta dersom ikkje anna følgjer av kommunen sitt delegeringsreglement.

§ 12 HÅR IKS sine plikter

HÅR IKS skal varsle abonnentane i rimeleg tid før tømning.

I samband med tømning kan HÅR IKS eller utførande entreprenør gjennomføre ein visuell kontroll av slamanlegget. Observerte feil og manglar kan registrerast og dokumenterast. Avvik som kan ha betydning for anleggets funksjon eller kan føre til fare for forureining, skal meldast til kommunen for vidare oppfølging. Kontrollen i samband med tømning er ikkje å rekne som ein fullstendig teknisk tilstandskontroll av anlegget.

Tømning skal utførast slik at eigedom og omgivnader ikkje vert utsette for unødige ulemper i form av støy, lukt eller tilsøling.

Etter tømning skal anlegget forlatast i lukka og forsvarleg stand.

§ 13 Abonnenten sine plikter

Abbonnten skal halde slamanlegget i forskriftsmessig stand og syte for at anlegget fungerer tilfredsstillande.

Abbonnten skal sørge for at lok, kummer og anna utstyr er lett tilgjengeleg ved tømning.

Snø, is, jord, vegetasjon eller anna som hindrar tømning skal fjernast før tømmedagen.

Dersom manglande tilrettelegging fører til ekstra kostnader, kan desse krevjast dekkja av abonnenten.

§ 14 Krav til tilkomst

Det skal vere køyrbar tilkomstveg fram til maksimalt 50 meter frå slamanlegget.

Tilkomstvegen skal ha tilstrekkeleg bereevne, breidde, fri høgde og moglegheit å snu med slamtømmekøyretøy.

Om vinteren skal veg og snuplass vere forsvarleg brøyta og ved behov strødde.

Når ordinær slamtømming ikkje kan gjennomførast på grunn av topografi, avstand eller manglande vegtilkomst, kan kommunen fastsetje alternative løysingar og krevje særskilt gebyr.

§ 15 Service og rapportering for minireinseanlegg

- a. Eigar av minireinseanlegg skal ha gyldig serviceavtale med fagkyndig føretak godkjent av leverandøren eller med tilsvarende dokumentert kompetanse.
- b. Service og vedlikehald skal utførast i samsvar med produsenten sine krav, vilkår i utsleppsløyve og gjeldande regelverk.
- c. Eigar pliktar å dokumentere at serviceavtale ligg føre dersom kommunen ber om det.
- d. Kommunen kan krevje kopi av serviceavtale, servicerapportar, driftsloggar og årsrapportar frå eigar eller serviceføretak.
- e. Avvik som kan føre til redusert reinseeffekt eller fare for forureining, skal meldast til kommunen utan ugrunna opphald.
- f. Manglande serviceavtale, manglande rapportering eller manglande oppfølging av påviste avvik kan reknast som brot på denne forskrifta og kan følgjast opp med pålegg etter forureiningslova.
- g. Kommunen kan i samarbeid med HÅR IKS fastsetje nærare rutinar for rapportering og kontroll av minireinseanlegg. Dette kan mellom anna omfatte krav til årleg rapportering frå serviceføretak. Denne føresegna byggjer på behovet for oppfølging av minireinseanlegg som del av kommunen sitt ansvar som forureiningsstyresmakt.

Kapittel 4. Gebyr, sanksjonar og klage

§ 16 Gebyr

Abonnenten skal betale gebyr for innsamling, transport, mottak, handsaming og administrasjon av slamordninga.

Gebyret skal ikkje overstige kommunen sine nødvendige kostnader knytte til tenesta.

Gebysatsane vert fastsette årleg i samsvar med gjeldande delegeringsreglement og reglane om sjølvkost.

§ 17 Innkrevjing

Gebyr med påløpne renter og kostnader er sikra ved lovbestemt pant etter pantelova § 6-1.

Ved forseinka betaling gjeld reglane i forseinkingsrentelova.

§ 18 Sanksjonar

Dersom forskrifta ikkje vert følgd, kan kommunen gje pålegg om retting.

Ved fare for forureining kan kommunen utføre naudsynt tømning eller andre tiltak på abonnenten si rekning.

Kommunen kan, med heimel i forureiningslova, forureiningsforskrifta, utsleppsløyve eller anna regelverk, påleggje eigar å utbetre slamanlegget dersom dette er naudsynt for å hindre utslepp eller miljøskade.

§ 19 Klage

Vedtak etter denne forskrifta kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

Klage skal sendast til Åseral kommune.

§ 20 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå den dato kommunestyret fastset.

Frå same tidspunkt vert eventuelle tidlegare lokale bestemmingar om kommunal slamtømning som strider mot denne forskrifta oppheva.